



## Møteinnkalling

Dato: 14.06.2017

Til:	Medlemmene i Regionalt Næringsforum		
Kopi:	Varamedlemmer og i følge liste.		
Emne:	RNF; - møte- og reiseplan for synfaring 21. juni 2017	Saksbehandlar: ingdosk	Arkivsak: 2014/1323-47
Møtetid:	21.06.2017, kl 07.30 – 19.00	Møtestad:	Frammøte v/ ved busslomme ved Blomsterpaviljongen på utsida av Busstasjonen i Bergen

Hovudtema for møtet er besøk i Bømlo kommune med fokus på industri og grøn skipsfart. Kva mål er nådd og korleis fekk vi verdiskapingsresultat og samfunnsutvikling i kommunen/regionen ved hjelp av kompensasjonsmidlar og omstillingsmidlar? Møtet er lagt opp med vekt på å vitje verksemdar, næringsklyngjer og verkemiddelapparatet i Sunnhordland, med særleg fokus på Bømlo kommune.

Vidare vert det orientert om fylkeskommunen si nye «partnerskapsmodell», politisk vedtekne prinsipp for tildeling av driftsstønad og kort orientering om status for «Kapasitetsløftet», Noregs forskingsråd si nye finansieringsordning for næringsretta forskning.

### Møte og reiseplan:

Kl. 06.45 Avreise buss, Blomsterpaviljongen på utsiden av Busstasjonen i Bergen

Kl. 07.45 Avreise Ferje Halhjem - Sandvikvåg

#### **Kl. 09.00. Heiane Stord Meatjønnsvegen 74 – «Wärtsilä-bygget**

- [NCE Maritime CleanTech](#) v/ Marie Launes. Maritim verdiskaping med basis i grøn omstilling. 15 min
- [Maritimt testsenter, The Switch AS](#) v/ Asbjørn Halsebakke. Pilotskala utvikling som basis for innovasjon. 15 min
- [ATHENO](#) v/Astrid Kjellevold Steinsland. Omstilling og ei digital framtid, nytt ARENA klyngje initiativ. 15 min
- [Corvus Energy](#) (verdsleiande leverandør av batteri til skip) v/Willie Wågen. 15 min

Kl. 10.00 Avreise Heiane

Kl. 10.45 Ankomst Bremnes Seashore (SALMA laks)

#### **Kl. 10.45. Bremnes Bømlo**

- [Bremnes Seashore](#), v/ Simon Nesse Økland. Status og framtidutsikter for sjømat, SALMA og veggen vidare.

### **Kl. 11.30 – 12.15 Kortreist lunch, Bremnes Seashore, med orientering frå ordførar Bømlo**

- [Ordførar i Bømlo](#) Odd Harald Hovland, 10 år med kompensasjonsmidlar, kva mål er nådd? Det vert lagt opp til diskusjon og innspel frå RNF

Kl. 12.15 Avreise Bremnes

Kl. 12.35 Ankomst Rubbestadneset

### **Kl. 12.45. Rubbestadneset Bømlo**

- [UNITECH AS](#), planane om det nye R&D senteret, v/ Bernt Hellesøe (ikkje stadfesta). Ei kompetent og spanande klynge.
- [Servogear AS](#). v/ Torleif Stokke. Vår rolle i utviklinga mot reinare skipsfart, «Future of the fjords».

Kl. 13.30 Avreise Rubbestadneset

Kl. 14.00 Ankomst Moster (P plass ved kyrkja)

### **Kl. 14.00. Moster Bømlo**

- [Moster Amfi](#), v/ prost i Sunnhordland Svein Arne Theodorsen. Omvising. Utvikling av amfiet i eit næringsperspektiv fram mot 2024 jubiléet?

### **Kl. 14.40 Moster - RNF Møte og saksorientering**

- Godkjenning av referat frå møte 28. mars (Vedlegg 1)
- Orienteringssak, status for «Kapasitetsløftet», Noregs forskingsråd si nye finansieringsordning for næringsretta forskning. (Vedlegg 2 og 3)
- Orientering om fylkeskommunen si nye «partnarskapsmodell», politisk vedtekne prinsipp for tildeling av driftsstønad (Vedlegg 4)

Dei som har noko viktig, nyttig og/eller spanande som dei vil orientere RNF om har her ein moglegheit.

Kl. 13.30 Avreise Moster kl 15.45

Kl. 14.00 Avreise Sandvikvåg kl 16.45

Kl. 18.45 Ankomst Bergen busstasjon

### **Neste møte**

Neste møte i RNF vert fastsett

Dersom nokon har innspel til saker ynskjer vi innspel til det.

Vedlegg 1 «Referat frå møte 28. mars»  
Vedlegg 2 og 3 «Oppretting av søknadsbasert ordning for næringsretta partnerskapsmidlar»  
Vedlegg 4. «Kompetanseløftet, statusmelding juni 2017»

Vel møtt!

Med helsing

Bård Sandal

## **Mandat og samansetting av Regionalt Næringsforum**

vedtatt av fylkesutvalet 24.09.2014

### **Mål**

Regionalt Næringsforum (RNF) er ein partnerskap for samordna innsats for å fremje næringsutvikling i Hordaland i tråd med mål og strategiar i Regional næringsplan for Hordaland 2013 - 2017. RNF er også den regionale partnerskapen i Hordaland knytt til forvaltning av øyremerkta statlege midlar til regional næringsutvikling.

### **Strategiar**

Hovudstrategiane for RNF sitt arbeid skal vere dei tre hovudstrategiane i næringsplanen:

- ✓ Meir entreprenørskap og innovasjon
- ✓ Fleire med meir relevant kompetanse
- ✓ Ein velfungerande bergensregion og attraktive regionale senter

RNF skal ha fokus på koordinert og effektiv utnytting av offentlege ressursar til næringsutvikling herunder eit særskilt fokus på næringsplanen sin ambisjon om å få til eit enno betre samarbeid mellom dei ulike aktørane i gjennomføringa av planen.

### **Samarbeid**

Deltakarane i Regionalt Næringsforum skal gjennom eit forpliktande samarbeid medverke til:

- ✓ Å sette dagsorden og utvikle strategiar for ei samordna næringsutvikling.
- ✓ Ei betre koordinering av verkemiddelbruken.
- ✓ Ta initiativ til forsøk med ny verkemiddelbruk, andre organisasjonsformer og/eller arbeidsmåtar.
- ✓ Samordning av det strategiske planarbeidet for næringsutvikling i fylket.
- ✓ Å vidareutvikle Regionalt Næringsforum som ein arena for regional næringsutvikling.

### **Mynde**

Regionalt Næringsforum har ein sjølvstendig rådgjevande funksjon overfor politiske utval i spørsmål om næringsutvikling, arbeidsmarknad, næringsretta infrastruktur inkludert samferdsel og utdanning/kompetanseutvikling.

## Oppgaver

Regionalt Næringsforum skal mellom anna:

- ✓ Ta initiativ til tiltak og satsingar for å fremje næringsutvikling
- ✓ Vere overordna styringsgruppe for utarbeiding/revisjon av «Handlingsprogram for næringsutvikling» og andre næringsretta program etter vedtak i fylkeskommunen.
- ✓ Følgje opp dei årlege handlingsprogramma kor RNF er tildelt ei rolle og ta initiativ til prosjekt/tiltak for å sikre ei god og treffsikker gjennomføring
- ✓ Ta initiativ til utgreiingar / evalueringar med sikte på betre samordning av ressursbruken knytt til næringsutvikling
- ✓ Informere om, og diskutere viktige ad-hoc saker som har relevans for næringsutvikling og sysselsetting i fylket.

## Ressursar

Hordaland fylkeskommune finansierer sjølve drifta av Regionalt Næringsforum.

Dei viktigaste økonomiske verkemidlane fylkeskommunen rår over til regional næringsutvikling er knytt til budsjettet i det årlege handlingsprogrammet til næringsplanen og kjem dels frå statlege overføringar og dels frå fylkeskommunen sitt eige budsjett. Organisasjonane som deltar i RNF, bidreg elles med ressursar til felles tiltak og satsingar etter nærare avtale.

## Samansetting

Regionalt Næringsforum i Hordaland har frå 01.06.2017 slik samansetting:

- Bård Sandal, Fylkesdirektør regional utvikling, Hordaland fylkeskommune - leiar
- Nina Broch Mathisen, Direktør, Innovasjon Norge i Hordaland
- Aase Våg, landbruksdirektør, Fylkesmannen i Hordaland
- Anne Kverneland Bogsnes, Fylkesdirektør, NAV Hordaland
- Dag Rune Olsen, Rektor, Universitetet i Bergen
- Tom Knudsen, Regiondirektør, NHO Hordaland
- Roger Pilskog, LO-sekretær i Hordaland
- Rigmor Fardal, Regional representant Hordaland, Norges forskingsråd
- Astrid Toft, daglig leiar, Kommunenes Sentralforbund i Hordaland
- Elin Sjødin Drange, Næringssjef Bergen kommune
- Mette Nora Sætre, Næringssjef, Hordaland fylkeskommune
- Roald Kvamme, medlem av Fylkesutvalet i Hordaland
- Mona Røsvik Strømme, medlem av fylkesutvalet i Hordaland

I tillegg har følgjande observatørstatus og møter når det er saker av interesse:

- Håkon Rasmussen, Fylkesdirektør samferdsel, Hordaland fylkeskommune
- Svein Heggheim, Fylkesdirektør utdanning, Hordaland fylkeskommune
- Berit Rokne, Rektor, Høgskulen på Vestlandet

## Sekretariat

Arthur K. Arnesen, senior rådgivar, Næringsseksjonen, Hordaland fylkeskommune

